

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **28.05.2020, kl. 09:00-14:30**  
Møtestad: **Thon Hotel Førde, Førde**

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

## Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, stedfortreder AD/direktør Psykisk helsevern  
Børge Stavland, kst. direktør Medisinsk klinikk  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Trine Hunskaar Vingsnes, fagdirektør  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Evy-Helen Helleseeth, påtroppande fagdirektør  
Anya Markhus, avdelingssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

## Andre deltakarar

Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør  
Terje Olav Øen, beredskapssjef  
Christian Moltu, spesialpsykologspesialist  
Erik M. Hansen, adm. direktør Helse Vest IKT

## Sakliste

---

- 023/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 024/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.03.2020
- 025/2020 Administrerande direktør si orientering
- 026/2020 Rapportering frå verksemda per april 2020
- 027/2020 Langtidsbudsjett og investeringsplan 2021-2025
- 028/2020 Nye Førde sjukehus – løypemelding (O-sak)
- 029/2020 Makebytte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Førde og Helse Førde
- 030/2020 Makebytte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Lærdal og Helse Førde
- 031/2020 Sal av Søsterbustadane på Tronvik

Saker til orientering:

- 032/2020 Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2020-2021
- 033/2020 Årsmelding 2019 frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane
- 034/2020 Strategi forskning og innovasjon
- 035/2020 Eventuelt  
Skriv og meldingar

Lukka del:

- 036/2020 Informasjon om risiko- og sårbarheitsvurdering for IKT infrastruktur

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Thon Hotel Førde. Dette var første fysiske møte for styret etter korona-utbrotet. Førrige styremøte var eit Skype-møte.

Ny styremedlem Thomas Vingen Vedeld vart ønska velkommen.

Styreleiar takka leiing og tilsette i Helse Førde for godt utført arbeid med korona-pandemien. Ein har vist stort engasjement og endringskompetanse i denne krevjande korona-situasjonen, det er ein viktig kvalitet ved heile organisasjonen.

Møtet starta med informasjon om koronareglar for møtet.

## **023/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden. Det var ikkje fagleg orientering, fordi styreseminar vart halde etter avslutta styremøte.

To nye dokument var lagt i Admincontrol, drøftingsprotokoll og vedtak i FAMU til sak 027/2020 «Langtidsbudsjett og investeringsplan 2021-2025»

## **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **024/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.03.2020**

## **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte (Skype) i Helse Førde HF 23.03.2020.

## **025/2020 Administrerande direktør si orientering**

Adm. direktør Varden innleia med å orientere om endringar i føretaksleiinga. Tine Vingsnes tiltrer stillinga som direktør Medisinsk klinikk og Evy-Helen Helleseth tiltrer i stillinga som fagdirektør frå 1. juni.

Tone Holvik og Margun Thue er stadlege leiarar ved lokalsjukehusa. Frå 1. juni deler vi stillinga samhandlingssjef, og koordinatorrolla har Holvik fram til 1. oktober.

Halvårsrapport om lærlingar, helsefellesskap, rekruttering kjem til neste møte.

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**
- 4. Korona – status i Helse Førde**

Adm. direktør Varden orienterte om:

Koronapandemien har påverka heile organisasjonen. Vi har hatt godt samarbeid med kommunane, også med helseføretaka i Helse Vest.

- 12. mars: Stopp av all planlagt aktivitet som ikkje var absolutt nødvendig.
- 17. april: Opna for å kunne auke planlagt aktivitet i helseføretaka med føresetnad om å ta i vare smittevern.

Konsekvensar:

Auka ventetid for alle fagområde med unntak av kreftavdelinga. Auke tal fristbrot. Nesten alt fokus på smittevern, redusert fokus på anna kvalitetsarbeid.

Utvikling i tal polikliniske konsultasjonar via video eller telefon har auke, særleg i Psykisk helsevern.

Mykje aktivitet har vore utsett eller avlyst:

- Prosjektarbeid
- Systemarbeid og kvalitet i føretaket
- Forebetringsarbeid
- I klinikkane er mykje sett på vent

Fagdirektør Vingsnes orienterte ytterlegare om korona:

Føretaket har framleis akuttmottak 2 for pasientar med mogleg smitte. Utklipp frå rapportering til Helse Vest vart presentert.

Helse Førde si drift er prega av smittevernomsyn – svært mange rutinar meir omfattande no. Nokre døme er:

- Kurs og konferansar
- Innleige av vikarar
- Sjekkliste for poliklinikkar
- Tilgangskontroll og sikring av bygning

Endringar frå styresmaktene 27. mai:

- 1) Besøksstansen er oppheva for helseinstitusjonar
- 2) Dei fleste endringane i helselovgjevinga er oppheva
  - Pasientrettar er gjeninnført
  - Spesialisthelsetenesta får gjeninnført plikta til å setje frist for helsehjelpa
  - Framleis unntak frå pasientane sin rett til alternativt tilbod ved fristbrot

## **5. Rapportering – strategi auka behandlingsskapasitet som følge av covid-19**

Adm. direktør Varden orienterte om tilbakemelding overordna rammer for aktiviteten til Helse Vest RHF.

- Planlegg med kohort med 12 intensivpasientar (maks 24 intensivpasientar), samt kohort på medisinsk sengepost krevjande personellmessig.
- 15. april: forsiktig oppstart av ordinær aktivitet – oppstart screening av pasientar
- Nær og tett samhandling med kommunane
- Nettbaserte digitale pasientkonsultasjonar – både somatikk og psykisk helsevern
- Nært samarbeid med høgskule og universitet i høve til studentpraksis
- Test kapasitet Covid-19: 2.600 pr. veke. Målsetjing: 1,5 % populasjon (1.600 pers.)

## **6. Prehospital plan – status**

Direktør Guldhav orienterte om status for prehospital plan. Arbeidsgrupper kan bli gjennomført etter sommaren. Nokre linjeaktivitetar har pågått undervegs i koronapandemien.

Det har vore aktivitet på prehospital elektronisk pasientjournal.

- Det har vore forhandlingar med organisasjonane.
- Kaserering
  - Gløppen 29.09.2020
  - Selje 22.02.2021
- Dagbil Luster. Tilpassa årsturnus med iverksetting frå 15.03.2021
- Rotasjonsordning: Vågsøy-Selje
- Vikarområdet: Rydda i alle vikarkontraktar. Ei samla teneste. Konstruktiv samarbeid opp mot GAT (arbeidsplanleggingssystemet).

Har no foliert ein reservebil til kvit bil. Ønskjer å pilotere bruk sommaren 2020.

Jobbar med å opprette eit prosjekt med Sunnfjord kommune knytt til pasientens følgjeskjema.

Ventesone akuttmottak/poliklinikk: Arbeidsgruppene for akuttmottak/poliklinikk Nye Førde sjukehus er positive til å få til kvile/observasjonssone som også vil kunne fungere opp mot behova i Prehospital plan.

Båtambulans: Aktiv prosess med Sjukehusinnkjøp HF som handsamar anbodprosess og kontraktar.

Ambulans i koronatida: Mars/april nedgang på 30 prosent i turar og km, no normalisering.

*Styret kommenterte dialog med Luster kommune.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **026/2020      Rapportering frå verksemda per april 2020**

### **Oppsummering:**

*Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering.*

Administrerande direktør vil understreke at Covid-19-pandemien har påverka drifta sterkt både i mars og april, og då særleg i forhold til elektiv aktivitet og økonomi. Når det gjeld pasienttilboda er administrerande direktørs vurdering at Helse Førde i perioden har oppretthalde øyeblikkeleg hjelp-tilbodet. Vi har også sikra tilbodet til pasientgrupper som ikkje kan vente utan prognosetap, det gjeld særleg kreftpasientar.

Økonomi: Til no i år er resultatet eit underskot på 27,3 millionar, noko som er 36 millionar mindre enn budsjett. Resultatet i mars var 15 millionar bak budsjett og i april var resultat 20 millionar bak budsjett. Estimert effekt knytt til Covid-19 er 37 millionar.

Samla sjukefråvær i Helse Førde i mars var 9,0 prosent. For tida er fråværet for april registrert med 5,2 prosent.

Fagdirektør Vingsnes orienterte om: Kvalitet og pasientryggleik

- Synergi, totalt innmelde 769 saker i perioden januar til mars. Det er 137 fleire saker samanlikna med same perioden i 2019
- Trygg kirurgi, utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekkliste
- Trygg pleie – fall, snittet var 73 % mot 77 % i førre månad
- Gjennomsnittleg ventetid – auka i alle områder
- Fristbrot, 591 nye i april, tilsvarande 29,2 prosent av dei med frist i perioden
- Beleggsprosent
- Stryking planlagt operasjonar
- Akuttmottak, triagetid

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktivitet i somatikk viser 836 færre drg-poeng i perioden, og 1 445 færre drg-poeng til no i år.

Resultat i perioden var eit underskot på 17,8 millionar, som er 20 millionar lågare enn budsjett. Budsjettavviket hittil er minus 36 millionar.

Årsaka til resultatet er redusert inntekt som følgje av nedtak i drifta frå 13. mars. Etter påska starta arbeidet med å auke aktiviteten, men nivået er påverka av smittevernomsyn, opplæring og drift av kohortar knytt til Covid-19, samt beredskap i føretaket. Estimert resultatteffekt knytt til Covid-19 var i perioden 21 millionar.

Samla sjukefråvær var i mars 9 prosent. Brutto månadsverk i perioden var 2305, og netto månadsverk var 2156.

Investeringar i samband med Covid-19 er 12 millionar.

Prognose for 2020:

Arbeidet med å lage første prognose for 2020 har vore krevjande pga. pandemien. Det er lagt til grunn eit aktivitetsnivå i Helse Førde på mellom 80-85 prosent samanlikna med budsjett. Første prognose for Helse Førde før ekstra midlar frå HOD er eit negativt avvik mot budsjett på mellom 120-140 millionar.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per april 2020 til vitende.

## **027/2020      Langtidsbudsjett og investeringsplan 2021-2025**

### **Oppsummering:**

Styret i Helse Vest RHF handsama i møte 18.06.2019 sak 069/19 B Økonomisk langtidsplan 2020-2024. Det blei i denne saka fatta vedtak om ny rullering av langtidsbudsjett våren 2020. Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av langtidsbudsjettet:

- Helseføretaka rullerer langtidsbudsjettet i perioden januar til mai
- Helse Førde sitt langtidsbudsjett blir styrehandsama 28. mai 2020
- Føretak som har styrehandsaming etter fristen 8. mai 2020, kan ta atterhald om godkjenning i styret ved oversending til Helse Vest
- Utkast til styresak skal sendast til Helse Vest for gjennomgang og kvalitetssikring av føresetnader og føringar, før denne blir sendt til dei respektive styra
- Langtidsbudsjett for føretaksgruppa blir samanstillt i slutten av mai 2020
- Handsaming av langtidsbudsjett for føretaksgruppa i Helse Vest i styret 17. juni 2020

For å sikre bereevne meiner administrerande direktør at Helse Førde må prioritere arbeid med:

- Effektivisering som følgje av investeringar og endra organisering, som må henge saman med framskriving av behov
- Implementering av regionale prosjekt med særleg vekt på informasjonsteknologi og uttak av dei gevinstane det gir
- Tilgang på rett fagkompetanse framover
- God og systematisk økonomistyring

I samband med utarbeiding av langtidsbudsjettet har Helse Førde, på lik linje med andre føretak, blitt påverka av Covid-19-pandemien. Administrerande direktør forventar at

pandemien vil påvirke aktivitetsnivået til Helse Førde resten av året, men det er usikkert kor store økonomiske konsekvensar dette vil ha.

Investeringsbehovet i den femårige investeringsplanen er særleg knytta til desse områda:

- Nye Førde sjukehus – lokale for somatikk og psykisk helsevern
- Bygg infrastruktur
- Arealplan Lærdal sjukehus
- Medisinteknisk utstyr
- Ambulansar

*Økonomidirektør Helleseeth orienterte om langtidsbudsjett (økonomisk langtidsplan) og investeringsplan.*

- *Prosess og ramme til klinikkane*
- *Vesentlege endringar og føresetnader*
  - *Alternativ 3 er langt til grunn i investeringsbudsjettet*
  - *Endring som er komme etter KSK*
  - *Andre viktige moment*

*Investeringsplan for Helse Førde 2021-2025, der største endringa er forkyvd tal for Nye Førde sjukehus i tabellen (side 10), grunna alternativ 3 i Livabygget.*

*Driftsbudsjett 2020-2025:*

*Auka aktivitet er sett av Helse Vest med 0,04 prosent. Reduksjon tenestekjøp er i hovudsak knytt til Psykisk helsevern og tryggleikssenger. Personalkostnader skal reduserast med 34 millionar. Auken i 2021 er tryggleiksposten på 19 millionar, noko som betyr at utfordringsbildet er 53 millionar.*

*Styret kommenterte:*

*Det er to forhold vi må ha stor merksemd på om i åra som kjem er 1) press på personalkostnader, kan bli ei utfordring 2) IKT, vi må ha kritisk oppmerksomheit på IKT-kostnader.*

## **Framlegg til vedtak:**

1. Styret syner til saksframlegget og vedtek langtidsbudsjettet for 2021-2025, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av tabellen under:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	Langtidsbudsjett					
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Basisramme	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524
ISF eigne pasientar (inkl. kostn.krev. legem. utenf. sjukeh.)	723 215	723 459	723 702	723 946	724 189	724 433
Gjestepasientar	23 966	23 973	23 980	23 987	23 994	24 001
Polikliniske inntekter	42 374	42 391	42 408	42 425	42 442	42 458
Øyremerka tilskott	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263
Andre driftsinntekter	164 782	164 798	164 815	164 832	164 849	164 866
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2 999 124</b>	<b>2 999 408</b>	<b>2 999 693</b>	<b>2 999 977</b>	<b>3 000 262</b>	<b>3 000 547</b>
Kjøp av helsetenester	177 546	158 569	158 569	158 569	158 569	158 569
Varekostnader knytta til aktiviteten i føretaksgruppa	286 083	283 429	280 847	278 290	275 759	273 253
Innleigd arbeidskraft - del av kto 468	22 829	18 970	18 947	18 915	18 894	18 845
Lønn til fast tilsette	1 463 698	1 477 567	1 470 951	1 460 467	1 453 439	1 442 735
Overtid og ekstrahjelp	92 790	91 068	88 484	88 281	88 146	87 841
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000
Offentlige tilskudd og refusjonar vedr arbeidskraft	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527
Annen lønn	218 776	220 221	218 911	217 364	216 331	214 746
Avskrivningar	78 000	72 696	90 723	91 067	108 338	126 673
Nedskrivning	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	446 330	454 940	461 059	466 991	472 039	475 922
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 971 524</b>	<b>2 962 934</b>	<b>2 973 963</b>	<b>2 965 416</b>	<b>2 976 987</b>	<b>2 984 056</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>27 600</b>	<b>36 475</b>	<b>25 729</b>	<b>34 561</b>	<b>23 275</b>	<b>16 491</b>
Finansinntekter	2 400	1 400	500	500	500	500
Finanskostnader	4 000	3 875	9 229	4 061	18 775	18 990
<b>Finansresultat</b>	<b>-1 600</b>	<b>-2 475</b>	<b>-8 729</b>	<b>-3 561</b>	<b>-18 275</b>	<b>-18 490</b>
<b>Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget</b>	<b>26 000</b>	<b>34 000</b>	<b>17 000</b>	<b>31 000</b>	<b>5 000</b>	<b>-2 000</b>
<b>EBITDA</b>	<b>102 400</b>	<b>104 222</b>	<b>98 993</b>	<b>118 506</b>	<b>95 062</b>	<b>106 183</b>
Endring EBITDA		1 821	-5 228	19 513	-23 444	11 120

2. Styret syner til saksframlegget og vedtek investeringsplanen for åra 2021-2025 slik den ligg føre, men med atterhald om at investeringsramme og godkjenning av Nye Førde sjukehus skal handterast som eiga sak i styret.

### Endringsframlegg, nytt punkt 3 frå styreleiar Landstad:

*Styret ber administrerande direktør følgje nøye med på moglege konsekvensar av framlagd langtidsbudsjett og investeringsplan 2021-2025, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid.*

### Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg til vedtak punkt 1-2, med styreleiar Landstad sitt tilleggspunkt 3 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak (samrøystes):

1. Styret syner til saksframlegget og vedtek langtidsbudsjettet for 2021-2025, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av tabellen under:



Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	Langtidsbudsjett					
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Basisramme	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524	2 001 524
ISF egne pasientar (inkl. kostn.krev. legem. utenf. sjukeh.)	723 215	723 459	723 702	723 946	724 189	724 433
Gjestepasientar	23 966	23 973	23 980	23 987	23 994	24 001
Polikliniske inntekter	42 374	42 391	42 408	42 425	42 442	42 458
Øyremerka tilskott	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263	43 263
Andre driftsinntekter	164 782	164 798	164 815	164 832	164 849	164 866
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2 999 124</b>	<b>2 999 408</b>	<b>2 999 693</b>	<b>2 999 977</b>	<b>3 000 262</b>	<b>3 000 547</b>
Kjøp av helsetenester	177 546	158 569	158 569	158 569	158 569	158 569
Varekostnader knytta til aktiviteten i føretaksgruppa	286 083	283 429	280 847	278 290	275 759	273 253
Innleigd arbeidskraft - del av kto 468	22 829	18 970	18 947	18 915	18 894	18 845
Lønn til fast tilsette	1 463 698	1 477 567	1 470 951	1 460 467	1 453 439	1 442 735
Overtid og ekstrahjelp	92 790	91 068	88 484	88 281	88 146	87 841
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000	249 000
Offentlige tilskudd og refusjonar vedr arbeidskraft	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527	-63 527
Annen lønn	218 776	220 221	218 911	217 364	216 331	214 746
Avskrivningar	78 000	72 696	90 723	91 067	108 338	126 673
Nedskrivning	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	446 330	454 940	461 059	466 991	472 039	475 922
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 971 524</b>	<b>2 962 934</b>	<b>2 973 963</b>	<b>2 965 416</b>	<b>2 976 987</b>	<b>2 984 056</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>27 600</b>	<b>36 475</b>	<b>25 729</b>	<b>34 561</b>	<b>23 275</b>	<b>16 491</b>
Finansinntekter	2 400	1 400	500	500	500	500
Finanskostnader	4 000	3 875	9 229	4 061	18 775	18 990
<b>Finansresultat</b>	<b>-1 600</b>	<b>-2 475</b>	<b>-8 729</b>	<b>-3 561</b>	<b>-18 275</b>	<b>-18 490</b>
<b>Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget</b>	<b>26 000</b>	<b>34 000</b>	<b>17 000</b>	<b>31 000</b>	<b>5 000</b>	<b>-2 000</b>
<b>EBITDA</b>	<b>102 400</b>	<b>104 222</b>	<b>98 993</b>	<b>118 506</b>	<b>95 062</b>	<b>106 183</b>
Endring EBITDA		1 821	-5 228	19 513	-23 444	11 120

2. Styret syner til saksframlegget og vedtek investeringsplanen for åra 2021-2025 slik den ligg føre, men med atterhald om at investeringsramme og godkjenning av Nye Førde sjukehus skal handterast som eiga sak i styret.
3. Styret ber administrerande direktør følgje nøye med på mogelege konsekvensar av framlagd langtidsbudsjett og investeringsplan 2021-2025, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid.

## 028/2020 Nye Førde sjukehus – løypemelding (O-sak)

### Oppsummering:

Det er god drift på byggeplass og Dagabygget er i god rute på økonomi, kvalitet og framdrift.

Det er gjennomført ein uavhengig gjennomgang av prosjektet som ei forenkla kvalitetssikring av konseptval (KSK). Den forenkla KSK-gjennomgangen av prosjektet støttar alternativ 3 med Livabygget (nybygg somatikk) i åtte etasjar, som den beste løysinga for vidare utvikling av heilskapen i Helse Førde, men det er fortsatt stor usikkerheit om løysinga kan etablerast innanfor etablerte kostnadsmål.

KSK-rapporten vurderer at løysingane synest å ha overkapasitet innan senger og poliklinikkrom, og dette handlingsrommet bør nyttast for å nå kostnadsmåla i prosjektet gjennom arealreduksjonar på løysingane.

Prosjektet må planleggast slik at dei øvste etasjane, som no er komne inn i alternativ 3, kan byggast på eit seinare tidspunkt dersom kostnadsramma ikkje gir rom for dette no. Prosessen

med vidareutvikling av prosjektet må sikre at prosjektet gjennomfører kostnadsreduksjonar på ein slik måte at ein i størst mogleg grad sikrar framtidige driftsgevinstar.

*Prosjektleder Solhaug orienterte om KSK rapport og vidare arbeid med alternativ 3.*

*Adm. direktør Varden orientert om Livabygget i 8 etasjar.*

*Helse Førde har motteke brev frå Åsen & Øvrelid sin advokat med to påstandar:*

- 1) Endring av Livabygget frå 3 til 8 etasjar er ei så stor endring at det ikkje kan gjennomførast utan ny konkurranse*
- 2) Veidekke har endra sin organisasjon i høve til den organisasjonen som dei vann konkurransen med*

*Advokatfirma Arntzen De Besche har konkludert med at endring frå 3 til 8 etasjar kan gjennomførast utan ny konkurranse. For å trygge det endelege vedtaket vert det innhenta ei uavhengig 3. parts vurdering.*

### Lukka del:

*Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd, nr. 2*

### Open del:

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek løypemelding om Nye Førde sjukehus til vitende.

## **029/2020      Makebytte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Førde og Helse Førde**

#### **Oppsummering:**

Helse Førde ønskjer å gjennomføre eit makebytte med Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane (BS-FSS) for å få fleire parkeringsplassar til Helse Førde (HF) sine leigetakarar på eigen eigedom, samt rydde i tomtegrenser.

#### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Førde HF vedtar makebytte av om lag 295 m<sup>2</sup> frå gbnr. 4647-43/213 mot om lag 559 m<sup>2</sup> frå Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane gbnr. 4647-43/211.
2. Saka vert sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

## **030/2020      Makebytte utomhusareal mellom Bustadstiftinga i Lærdal og Helse Førde**

### **Oppsummering:**

Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus (BS-LSH) ønsker å makebytte om lag 1 600 m<sup>2</sup> tomt tilhøyrende Sjukehusvegen 11 (gbnr 27/13), med om lag 1 600 m<sup>2</sup> tomteareal frå «Oftakassa» (gbnr 27/11) tilhøyrende Helse Førde (HF). Helse Førde vil med dette få ei samanhengande tomt og BS-LSH får tomteareal nær sjukehuset til utvikling av sin bustadportefølje, utan at det er til hinder for Helse Førde si utvikling av Lærdal sjukehus.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Førde HF vedtar makebytte av om lag 1 600 m<sup>2</sup> frå gbnr. 4642-27/13 mot om lag 1 600 m<sup>2</sup> frå Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus, gbnr. 4642-27/11.
2. Saka vert sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

## **031/2020      Sal av Søsterbustadane på Tronvik**

### **Oppsummering:**

Administrerande direktør tilrår at Helse Førde HF legg Søsterbustadane på Tronvik ut for sal på den opne marknaden.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Førde HF vedtek sal av Myrane 7a-f, Tronvik, gbnr. 4638-48/14 i tråd med Administrerande direktørs forslag.
2. Saka vert sendt til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

## Saker til orientering:

### **032/2020      Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2020-2021**

#### **Oppsummering:**

Gjennomgang av beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Pandemi har tatt mykje ressursar i Helse Førde og iverksetting av nokre planlagde tiltak er forskyvd i tid.

Det vert årleg gjennomført faste og tilfeldige bordøvingar, samt fullskalaøvingar. Sjukehusa gjennomfører brannvernøvingar i samsvar med krav, og det er gledeleg å sjå at det no er fleire tilsette som deltek. Planverk og beredskapssystem vert revidert ut frå erfaringar frå reelle hendingar, øvingar og endringsbehov i verksemda eller hos samarbeidspartar.

*Beredskapssjef Øen orienterte om beredskapsarbeid og handlingsplan, med aktivitetar knytt til:*

- *Innkjøpsordningar og beredskapslager*
- *Tryggingsplan – skalsikring, videoovervaking, vakthald*
- *Samhandling med naboføretaka*
- *Øvingar og kurs*

*Prioriterte oppgåver for 2020/2021 er basert på Helse Vest sin plan og rammer, samt risikovurdering av nasjonal helseberedskap.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orientering om beredskapsarbeidet til vitende.

### **033/2020      Årsmelding 2019 frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane**

#### **Oppsummering:**

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik overfor spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Ombodet skal arbeide for å betre kvaliteten på desse helsetenestene.

I 2019 fungerte Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane også som ombod i Hordaland, i påvente av avklaring om framtidig organisering.

Helse- og omsorgsdepartementet har i januar 2020 bestemt at Pasient- og brukaromboda framleis skal vere representert med 15 ombodskontor i landet. I region Vestland skal det vere eitt ombod i Førde og eitt ombod i Bergen, slik som før.

Ombodet i Sogn og Fjordane hadde 381 nye førespurnader i 2019, dette viser noko auke frå førre år. Ombodet mottok flest førespurnader som gjeld fagområdet kirurgi og spesialiteten

ortopedi. Tendensen har vore slik gjennom mange år og ein ser det same i heile landet. Ombodet mottok også mange kontaktar knytta til psykisk helsevern.

*Styreløiar Landstad orienterte om at nytt pasient- og brukarombod vert invitert til styremøte i september 2020.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek Årsmelding 2019 frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane til orientering.

## **034/2020      Strategi forskning og innovasjon**

### **Oppsummering:**

Forskning er ei av fire kjerneoppgåver for spesialisthelsetenesta. Forskings- og innovasjonsstrategien 2020-2025 avløyser den førre strategien.

Denne strategien har som hovudmål at Helse Førde skal bli ein varig forskingsorganisasjon. I dette legg ein at Helse Førde skal vere ein organisasjon som legg til rette for forskning, der leiarane er trygge på kva roller og ansvar dei har i høve forskning, og der forskning og innovasjon er ein integrert del av verksemda. For å nå målet har strategien definert åtte tiltakspakkar:

- Styrke leiarrolla om FOI for eigarskap i kliniske avdelingar
- Tydelegare stabs- og støttefunksjonar rundt FOI
- Vidareføring og utvikling av tematiske forskingssatsingar
- Karrierevegar for forskingskompetanse
- Utvikle forskingssamarbeid med kommunar
- Innovasjon og samarbeid med lokalt næringsliv
- Auke tenesteinnovasjon
- Målrette rekruttering

*Spesialpsykologspesialist Christian Moltu orienterte om forskings- og innovasjonsstrategi i Helse Førde:*

- *Arbeid med strategien*
- *Strategien inneheld åtte tiltakspakkar*
- *Mål og iverksetting av tiltak*
- *Auke i midlar brukt til forskning og innovasjon oppnår mål på to nivå*
- *Innspel i høyringsrunden. Relevante innspel er integrert i forelagt strategi*
- *Vidare arbeid: Mottak innspel og drøfting frå styret. Utvikle og iversette handlingsplanen*

*Styreløiar Landstad gratulerte med to nye doktorgradsavhandlingar i Helse Førde.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tar Strategi for forskning og innovasjon 2020-2025 til vitende.

## 035/2020      Eventuelt

### Skriv og meldingar

#### **Følgjande skriv og meldingar var utsendt til styret 22.05.2020:**

- Brev til Luster kommune vedr. «Ambulansetilbodet i Luster kommune», datert 20.04.2020
- RHF styresak 055/20 Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2019

#### **Følgjande nye skriv og meldingar var utsendt til styret 27.05.2020 :**

- Protokoll frå drøftingsmøte 27.05.2020 vedr. utkast til langtidsbudsjett og investeringsbudsjett
- Vedtak i FAMU knytt til utkast til langtidsbudsjett og investeringsbudsjett 2021-2025 for Helse Førde

### Lukka del:

*Off.l. § 24/ Fv.l. § 13 b*

## 036/2020      Informasjon om risiko- og sårbarheits- vurdering for IKT infrastruktur

Adm. direktør Erik M. Hansen i Helse Vest IKT orienterte om førebels oppsummering frå Riksrevisjonen om kartlegging av helseføretaka sine tiltak for å førebygge angrep mot IKT-system.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitende.

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar

---

Aud Ingrid Espeland

---

Reidar Sandal

---

Ole Gunnar Krakhellen

---

Thomas Vingen Vedeld

---

Ivar Eriksen

---

Arthur Norevik

---

Randi Aven

---

Ole-Magnus Kapstad

---

Lena Thorsnes